



Velfortent smilefjes til Oska.

I januar starta Mattilsynet opp med smilefjestilsyn. Det betyr at kafear og restaurantar får besøk av Mattilsynet som vurderer viktige forhold som hygiene, reingjering og vedlikehald på serveringsstadene. No har også restauranten vår Oska på Sandakaien hatt tilsyn, og det resulterte i at det i går var kome opp smilefjes ved inngangsdøra.

Når Mattilsynet kjem på smilefjestilsyn, er det fire område innan matlovgjevinga som vert kontrollert av inspektøren:

- Leiing og rutinar
- Lokaler og utstyr
- Mathandtering og tilberedning
- Sporbarhet og merking.

Under desse områda er det faste kravpunkt. Mattilsynet går gjennom mange av desse ved kvart tilsyn.

Når tilsynet er avslutta, får verksemda eit smilefjessymbol: **Smilefjes, strekmunn eller sur munn**. Den dårlegaste karakteren på dei punkta som Mattilsynet har sjekka, bestemmer smilet. Tilsynsresultatet vert hengt opp godt synleg for dei som vurderer å eta der. Resultata frå smilefjestilsynet vert også publisert på matportalen.no/smilefjes. For den populære restauranten på Sandakaien resulterte det i at eit smilefjes lyser mot oss ved inngangen.

I morgon inviterer Roy Lervåg og staben hans igjen til populær og velsmakande søndagsmiddag frå kl.15. Då serverer dei kalvegryte/ frikasse med potetmos, rotgrønnsaker, salat og brød. Desserten høyrer med. Det er ein piska kefirpudding med eplekompott, salte peanøtter og karamell.

Roy Lervåg anbefalar gjester å bestille bord på mobil 918 64 091 då desse søndagsmiddagane har vore svært populære.



[Fristande søndagsmiddag.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Thor Inge Døssland og Roy Lervåg